

Kristoffer Toska
Toskavegen 504
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2166 - 21/27339

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.04.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 443/11 Toska

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden må signerast av heimelshavar til avgjevareigedomen, gbnr 443/11.
2. Parsellen som vert søkt frådelt/ oppretta som ny grunneigedom, ligg i uregulert område sett av til LNF (Landbruk, natur og friluftsliv) i kommunedelplan for Radøy (tidlegare kommuneplan for Radøy). Det må derfor søkjast om dispensasjon frå dette arealformålet for oppretting av ny grunneigedom. Slik dispensasjon må vera godt grunngjeven og skal nabovarslast. Link til meir informasjon om dispensasjon finn du nedanfor:

[https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-
endre-eller-rive/nabovarsel/](https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/)

Legg også ved informasjonsskriv om dispensasjon.

Aralet ligg innanfor byggegrense mot sjø (100m beltet). Det må derfor søkjast om dispensasjon frå §1-8. Forbod mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag i Plan og bygningslova.

3. Me kan ikkje sjå at det er lagt ved gjenpart av nabovarsel. Dette må sendast inn for å dokumentere kva som er nabovarsla. Bl.a. at søknad om dispensasjon er varsla.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **23.05.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Kristoffer Toska

Toskavegen 504

5936

MANGER